

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 07.02.20

Vår ref. 151/20/EKE/5.7.1.3

Dykkar ref.

Holon Bergen AS

E-mail

ALVER, RISØY – OPPSTART REGULERINGSENDRING 81/1

Viser til brev av 09.01.20, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Det er viktig å ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Risøy

Det blir her varsla om oppstart av reguleringsendring. Detaljreguleringsplanen skal fornyast i tråd med dagens situasjon. Ein vil peike på at det er uheldig at det blir satt i verk tiltak som ikkje er i tråd med reguleringsplan, sjølv om det er i tråd med kommuneplanen. Det er ikkje nemnt noko om nye tiltak i sjø.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gytefelt i reguleringsområdet og område for passive reiskap nord for reguleringsområdet. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Utbygging og tiltak i området må ikkje ha negativ innverknad på fiskeriinteresser og det marine miljø. Ein ber om at det i føresegnene vert lagt til rette for miljøvenlege småbåthamner/-anlegg. Det finst mellom anna to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner:

- COWI (2017), *Miljøvennlige småbåthavner*, som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda (utarbeida på oppdrag frå Miljødepartementet).
- CIENS (2011), *Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus*, gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Med helsing
Fiskarlaget Vest



Britt Sæle Instebo



Eirin Kongestøl Espeland


Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Vestland



Vedlegg 2: Oversikt- og varslingskart



Oversiktskart som syner planområdets plassering på Risøy



Varslingskart som syner planområdets avgrensing.




FISKERIDIREKTORATET

N60.76393, Ø5.06117 +



150m



Rissakeret

Våulen

Våulen

Kjøpyra

Risasjøen

Risasjøen

Rissakeret

Rissur det

Stomesvik

Gytefelt torsk MB

▨ Gytefelt torsk MB

Gyteområder

▨ Gyteområde

Fiskeplasser - Passive redskap

▨ Fiskeplasser - passive redskap

N60.76393, Ø5.06117 +

Fiskeridirektoratet og ND-partene

Risøystraumen